

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	15/2020	Arkiv nr.:		Møtedato:	22.06.2020
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

Referat og meldingar..

- A. 20200416 Revisjonsmelding Lom Fjellstyre 2019
- B. 20200224 Rapport frå fylkesmannen - Naturfagleg kartlegging av kalkskog i Lom i 2018
- C. 20200312 Kopi av brev frå Statskog til Sveinhaug – spørsmål om avgiftsfritt feste på seter i Foss, 155/267.
- D. Løyve til arrangement:
- 20200317 Kopi av brev frå Statskog til Knut Vole. Grunneigars løyve til arrangementet Jotunheimen Ultimate Challenge - sommaren 2020
 - 2020 Jotunheimen NP - dispensasjon - 2020 - 2023 - Besseggløpet - Besseggen Fjellpark AS v Tor Erik Moen
 - Jotunheimen Ultimate Challenge
- E. 20200320 Jotunheimen nasjonalpark - Avslag - Motorferdsel - 2020 - Utvida gjestetransport - Glitterheim Turisthytte
- F. Løyve til motorferdsel:
- Grunneigars løyve frå Lom fjellstyre til Luster RKH.
 - Orientering om vedtak i Lom kommune Søknad om motorferdsel i utmark; bruk av snøskuter utanom godkjent øvingsplan - Luster Røde Kors hjelpekorps 2020-2023
 - Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2023 - Transport i samband med drift og vedlikehald av anlegg - Hydro Energi AS
 - 20200326 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Skuter - Tyin – Eidsbugarden – Olavsbu – Høystakkadn – Valdresflya – Bygdin. Innlandet politidistrikt og Grindaheim RKH
 - Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - - Bruk av drone i samband med tamreindrift - Lom Tamrein AS
 - Orientering om vedtak i Lom kommune Søknad om motorferdsel i utmark; bruk av snøskuter utanom godkjent øvingsplan - Luster Røde Kors hjelpekorps 2020-2023
 - Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Reparasjon av bru over Veslåe ved Langedalen - DNT Oslo og Omegn
- G. Kursbevis HMS 23. januar 2020
- H. 20200312 Referat frå møte i Villreinutvalet.
2020 årsmøteinnstilling frå villreinutvalet 2019-kvoter
- I. 20200320 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Etablering av hengekøyeovernatting - Glitterheim Turisthytte
- J. 200310 Kopi av e-post til Jotunheimen Nasjonalparkstyre frå Kleppconsult. Søknad Detaljplan for oppgradering Memurubu Minikraftverk i Gjende Jotunheimen Nasjonalpark Lom Kommune.
20200402 Notat frå nasjonalparkforvaltar Jotunheimen - Merknader til Søknad Detaljplan for oppgradering Memurubu Minikraftverk i Gjende Jotunheimen Nasjonalpark

Møtebok – Lom fjellstyre

- K. 20200319 Leir- og Bøverdalen sa - Grunneiers tillatelse til oppføring av gjeterbu på Gjendetunga – Lom tamrein AS. Festekontrakt for tomt til Gjeterbu på Gjendetunga(1)
- L. 20200312 Kopi av brev frå Statskog til Opplysningsvesenets fond. Leir- og Bøverdalen sa - Prestgardssetra - Frifall av seter fnr. 196 - erklæring om avgif(1)
20200317 E-post frå Lom fjellstyre til Statskog. Ber om avklaring når det gjeld låven/lyu som står att nedpå den gamle seterkvea.
- M. 20200331 Saker fra NFS ifm avlyst årsmøte
- N. Kontrakter ang oppdrag frå SNO -Signert kontrakt -20087047 -tilsyn og kontroll Jotunheimen. Signert kontrakt-20087387-tiltak Dumdalen. Signert kontrakt-20087388-tilsyn og kontroll Breheimen
- O. Skaihø Viltområde. Innkalling og sakspapir
- P. E-post korrespondanse, Gjendefeltet
- Q. 2020 E-post frå Arne Bjørgen. SV Camping ved Vassenden på Tesse
- R. Om dyrkingsareal ved Nordsetrane:
 - 20200514 Brev til Åsne Dalåmo. Ajourføring av seterregisteret. Frifall av dyrkingsparsell.
 - 200527 E-post frå Statskog ang. Vårdalen statsallmenning - søknad om tilleggsjord(1)
- S. Info om ny dato og gjennomføring av NFS landsmøte. Info om digitalt årsmøte i FiO.
- T. 200430 Innspel frå fylkesmann og Lom fjellstyre om opning for el-sykkel på Glitterheimvegen
- U. 200514 Søknad om graving av kabelgrøft for strøm til hyttefeste 3434/157/1/34, Vårdalen sa, Løyve frå grunneigar.
- V. 200526 E-post frå Lom tamreinlag. Erfaringer ved blanding av villrein og tamrein
- W. Årsmelding og innkalling til generalforsamling. AS Vågåfisk
- X. 200529 Kopi av brev frå Lom kommune til Ivar Hammerdalen. Vedtak - Søknad om oppføring av tilbygg til kvilebu i Smørليا
- Y. 200529 Kopi av e-post frå Statskog. Grunneiers tillatelse til å hente to gravsteiner fra Vårdalen statsallmenning GID 34341581
- Z. 200603 E-post frå NFS. Utbetaling av tilskudd - Friluftslivstiltak i regi NFS og fjellstyrene 2020 Lom Tildeling friluftsmidler 2020

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	16/2020	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	22.06.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Revidering av dei lokale bestemmelsane for elg- og hjortejakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Ny behandling.

Sakspapir:

- Sak nr 3/2020. Revidering av dei lokale bestemmelsane for elg- og hjortejakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.
- E-post 30.03.2020 frå viltutvalet i Lom kommune.

Saksutgreiing:

Fjellstyret gjorde på møte 11.3 vedtak om å leggje følgjande samrøystes forslag til endringar av dei lokale bestemmelsane for elg- og hjortejakt i statsallmenningen ut til offentleg gjennomsyn med frist 29. mars til å kome med merknader til forslaget, før det vert gjort endeleg vedtak:

Punkt 1, andre avsnitt om at «jeger med jakt på statsallmenning ikkje kan jakte på eigen grunn, privat grunn eller annan statleg grunn før årets kvote på tildelt område på statsallmenning er felt» går ut.

I e-post 30.03.2020 seier viltutvalet i Lom kommune at dei ikkje har merknader til endringane. Det har ikkje kome inn andre merknader.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ikkje registrert innvendingar som tilseier at det er behov for å endre forslaget som har vore varsla og lege ute til offentleg gjennomsyn, og vedtek dei foreslegne endringane i dei lokale bestemmelsane for elg- og hjortejakt.

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn på fjellstyret sine heimesider med frist til å kome med merknader til vedtaket innan tre veker.

Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Utskrift går til:

- Viltmenda i Lom kommune – som e-post
- Lom jeger- og fiskerforening – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	17/2020	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	22.06.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Gjennomgang og revidering av dei generelle bestemmelsane for elg- og hjortejakt i statsallmenningane. Ny behandling.

Sakspapir:

- Sak 2/2019. Gjennomgang og revidering av dei generelle bestemmelsane for elg- og hjortejakt i statsallmenningane.
- E-post 30.03.2020 frå viltutvalet i Lom kommune.

Saksutgreiing:

Fjellstyret gjorde på møte den 11.3. vedtak om å leggje ut følgjande samrøystes forslag til endringar i dei generelle reglane som gjeld for elg- og hjortejakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning ut til offentleg gjennomsyn med frist 29. mars til å kome med merknader til forslaget, før det vert gjort endeleg vedtak:

- *Dei «generelle bestemmelsene» vert endra i samsvar med forslaget frå NFS.*
- *«Reaksjonar ved kontraktsbrudd» vert endra i samsvar med forslaget frå NFS, men punkt G og H går ut.*

I e-post 30.03.2020 seier viltutvalet i Lom kommune at dei ikkje har merknader til endringane. Det har ikkje kome inn andre merknader.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ikkje registrert innvendingar som tilseier at det er behov for å endre forslaget som har vore varsla og lege ute til offentleg gjennomsyn, og vedtek dei foreslegne endringane i dei generelle bestemmelsane for elg- og hjortejakt.

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn på fjellstyret sine heimesider med frist til å kome med merknader til vedtaket innan tre veker.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Viltmenda i Lom kommune – som e-post
- Lom jeger- og fiskerforening – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	18/2020	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	22.06.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Kortidsjakt på elg- og hjort i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Ny behandling.

Sakspapir:

- Sak 4/2020. Kortidsjakt på elg- og hjort i Vårdalen, Visdalen og Leir. Og Bøverdalen statsallmenning.
- E-post 30.03.2020 frå viltutvalet i Lom kommune.

Saksutgreiing:

Fjellstyret gjorde på møte 11.3 vedtak om å leggje følgjande samrøystes forslag om kortidsjakt på elg og hjort ut til offentleg gjennomsyn med frist 29. mars til å kome med merknader til forslaget, før det vert gjort endeleg vedtak:

- 1. Jakttida for hjort vert sett til f.o.m. 1.9. t.o.m. 30.11. og jakttida for elg f.o.m. 25.9 t.o.m 30.11. For jaktlag som vert tildelt elg- og hjortejakta på dei ymse felte, skal det opprettast avtale om jakt med t.o.m. den 31.10.*
- 2. Jakt på ein eventuell restkvote eller tilleggsdyr av hjort- og elg vert utbode til enkeltjegerar/ mindre jaktlag i 5 dagars periodar etter desse prisane og reglane:*

*Hovudjeger: Tilleggsjeger: Kilopris felte dyr:
Kr. 600 Kr. 300 Kr. 80,00*

- 1. Kjøp av jaktkort er ein eingongssum for å få lov til å jakte ein periode. Ved felling av dyr er det oppgjer etter vekt/kg. Innbetalt kortpris kjem til fråtrekk.*
- 2. Jakta vert annonsert på heimesidene til fjellstyret. Når fleire melder seg interessert i same perioden, vert trekking blant søkjarane gjort på fjellstyrekontoret. Jegerar som har hatt jakt ein periode eller ordinær jakt på statsallmenning, vert nedprioritert i høve til nye jegerar.*
- 3. Er det fleire søkerar enn kort skal fjellstyret sjå til at det over tid vert ei fordeling 40/60 mellom utanbygds/innanbygds jegerar.*

I e-post 30.03.2020 seier viltutvalet i Lom kommune at dei ikkje har merknader til endringane. Det har ikkje kome inn andre merknader.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ikkje registrert innvendingar som tilseier at det er behov for å endre forslaget som har vore varsla og lege ute til offentleg gjennomsyn. Fjellstyret vedtek å endre reglane for kortidsjakt på elg- og hjort i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning i tråd med forslaget:

- 1. Jakttida for hjort vert sett til f.o.m. 1.9. t.o.m. 30.11. og jakttida for elg f.o.m. 25.9 t.o.m 30.11. For jaktlag som vert tildelt elg- og hjortejakta på dei ymse felte, skal det opprettast avtale om jakt med t.o.m. den 31.10.*
- 2. Jakt på ein eventuell restkvote eller tilleggsdyr av hjort- og elg vert utbode til enkeltjegerar/ mindre jaktlag i 5 dagars periodar etter desse prisane og reglane:*

Møtebok – Lom fjellstyre

Hovudjeger: Tilleggsjeger: Kilopris felte dyr:
Kr. 600 Kr. 300 Kr. 80,00

- 1. Kjøp av jaktkort er ein eingongssum for å få lov til å jakte ein periode. Ved felling av dyr er det oppgjær etter vekt/kg. Innbetalt kortpris kjem til fråtrekk.*
- 2. Jakta vert annonsert på heimesidene til fjellstyret. Når fleire melder seg interessert i same perioden, vert trekking blant søkjarane gjort på fjellstyrekontoret. Jegerar som har hatt jakt ein periode eller ordinær jakt på statsallmenning, vert nedprioritert i høve til nye jegerar.*
- 3. Er det fleire søkerar enn kort skal fjellstyret sjå til at det over tid vert ei fordeling 40/60 mellom utanbygds/innanbygds jegerar.*

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn på fjellstyret sine heimesider med frist til å kome med merknader til vedtaket innan tre veker.
Samrøystes.

Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Utskrift går til:

- Viltmenda i Lom – som e-post
- Lom jeger- og fiskerforening v/Jørgen Vole

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	19/2020	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	22.06.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen statsallmenning. Søknader om tilleggsjord.

Sakspapir:

- Søknad dagsett 10. april 2020 frå Vegar Haugen. Dyrkingsjord på Nordsetra.
- Søknad dagsett 07.april med vedlegg 16.april 2020 frå Svanhild og Ken Espen Solheim Lyngved. Søknad om dyrkingsjord på Nordsetra.
- Brev frå Statskog SF dagsett 27.mai 2020. Søknader om tilleggsjord.
- Kartskisser over dyrkingsparsellar i Havyrju.
- Kartskisse over areal som har vore planlagd til tilleggsjord ved Langmyra.

Saksutgreiing:

Fjellstyret har fått inn tre søknader om tilleggsjord i området Nordsetrene i Vårdalen statsallmenning.

Vegar Haugen eigar av Sygard Brimi, g.nr. 10 b.nr. 1, og Svanhild og Ken Espen Solheim Lyngved eigarar av Systugu Lyngved g.nr. 15, b.nr.1, har søkt fjellstyret om utvisning av tilleggsjord i området mellom Langmyra og Tessvegen ved Nordsetrene. Båe søkarane driv med mjølkeproduksjon, har seter og tilleggsjord i same område og har i søknadane dokumentert eit behov for meir areal til grovforproduksjon. Det er lagt ved kartskisser som syner omsøkte areal. Begge set som føresetnad at dei må kunne nytte seg av eksisterande vatningsanlegg i området.

Svanhild og Ken Espen Solheim Lyngved framhevar at føresetnadane og kravet til landbruket endrar seg. Det er difor viktig at landbrukseigendomar har tilgang til å disponere den jorda som er registrert som dyrkbar mark i fjellet. I vedlegg til søknaden har dei lagt ved kart som syner areal som er klassifisert som dyrkbar jord etter FKB-AR5.

Oda Evy Øyen og Per Kvernstuen eigarar av Ekle, g.nr. 9, b.nr. 2 har søkt om ca 110 dekar tilleggsjord på Havyrju. Dei har frå før feste på parsell 157/1/112 og er kjent med at det tidlegare er utvist parsellar som ikkje er teke i bruk i området langs vegen mot denne. Dei driv med sau og har i søknaden gjort greie for behov om meir areal til grasproduksjon og beite. Dei har 100 vinterfora sau i dag, men har driftsbygning med plass til 140. Dei framhevar at det vil være rasjonelt å få tildelt jord i same område som eksisterande parsell.

Opplysningar og merknader:

Etter fjellova § 19 kan jordbrukarar med beiterett i statsallmenning – anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar – få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbete som tilleggsjord. Det er fjellstyret som etter føresegnene i seterforskrifta gjer vedtak om utvisning.

Fjellstyret må fyrst vurdere dei omsøkte areala mot §19 i seterforskrifta som seier at «utvisning eller bortleige av tilleggsjord skal i størst mogleg utstrekning skjer etter

Møtebok – Lom fjellstyre

planar utarbeidd for større samanhengande område, eller knytt til eksisterande seter eller tilleggsjord».

I rundskriv M-1/2016 har landbruks- og matdepartementet presisert at det er viktig at utvisning av tilleggsjord skjer planmessig, og at forskrifta derfor stiller eit krav om at det blir utarbeidd planar for dei aktuelle områda. Kravet til planar er ikkje absolutt, men blir føresett lagt til grunn for dei utvisningane som ikkje gjeld tillegg til eksisterande parsellar eller eksisterande setrer.

Det er Statskog SF som er ansvarleg for å utarbeide slike planar og fjellstyret v/sekretæren har derfor oversendt søknadane til Statskog SF og bede om deira vurdering. Med brev sendt 27. mai 2020 seier Statskog SF at:

«Seterforskriften presiserer at det er viktig at utvisning av tilleggsjord skjer etter plan utarbeidet for større samanhengende områder. Det er Statskog som skal utarbeide plan i samarbeid med fjellstyret og kommunen. Vi kjenner ikke til at det foreligger dyrkingsplan for det omsøkte areal.

Statskog er i utgangspunktet positive til omsøkte. Vi er kjent med at det finnes andre nærliggende arealer i statsallmenningen som tidligere er godkjent og utvist som tilleggsjord. Viser til feste 3434/157/1/81, 83 og 84. Arealene er ikke tatt i bruk jf. § 19 i fjelloven, og dermed er utvisninga falt bort. For å unngå å ta hull på nye arealer, vil vi oppfordre fjellstyret til å utvise disse arealene på nytt.

I samme området som omsøkte tilleggsjord, har Statskog mottatt forslag til plan for utvikling av fritidsboliger. Initiativet er fremmet av Brimi Fjellstugu, som gjennom sitt planforslag ønsker å legge til rette for fritidsboliger ved Nordseterene på området mellom Brimi Fjellstugu og Brimiskogen klatrepark. Statskog er kjent med at Brimi Fjellsugu har oversendt planforslaget til Lom kommunen i forbindelse med revidering av kommunedelplan. Statskog vil avvente tiltak i aktuelle område til Lom kommune har vedtatt ny kommunedelplan.»

Omsøkt areal ved Langmyra:

Det er nå 50 år sidan fyrste gong det vart utvist tilleggsjord til kulturbeite på Langmyra. Av den grunn kan det være greitt å oppsummere noko av historikken.

I tilknytning til utvisning av seterkveer til tre setereigerar på Nordseter i slutten av femti-åra, vart det sett fram krav om skjønns etter fjellova. Dette vart halde den 29.juni 1960. I dette skjønnet vart samtlege setereigerar samde om å gå saman om å utnytte Langmyra til kulturbeite. Etter søknad dagsett 20. august 1968 fekk 9 setereigerar på Nordseter den 19. mars 1973 festeseddel på ein 200 dekar stor parsell til felles kulturbeite. Eitt av vilkåra var at parsellen skulle brukast i felleskap av eignedomane.

Organiseringa av fellesbeitet var i byrjinga meir komplisert og konfliktfylt enn venta, og i brev av 12.7.1973 ber herradsagronom Olav Svestad om at det blir utskreve festeseddel på kvar enkelt av setereigerane. Vedlagt var ei kartskeisse som synte forslag til deling av arealet. Arealet som var skissert passelert av herradsagronomen var nå på til saman 565 dekar. Denne saka vart handsama i åra 1973 og 74. Som ei avslutning på dette spørsmålet blir det i brev frå skogforvaltninga 10. september 1974 sagt at ei

Møtebok – Lom fjellstyre

utviding av arealet frå 200 til 565 dekar er ei sak som kan takast opp att når det utviste arealet på 200 dekar er sett i stand, og det framleis er behov for kulturbeite. «Det er lagets ønske om oppdeling av arealet med særskilt feste på de enkelte eiendommer det er sagt nei til».

I møte 19.oktober 1974 tilrådde så fjellstyret utvising av to dyrkingsparsellar i nordenden av Langmyra. Dette protesterte beitelaget på det sterkaste på, og peikte at parsellane ville bli liggande i eit område som var tenkt for ei utviding av fellesbeitefeltet. Da fleire brukerar seinare meldte interesse for å få utvist areal til dyrkingsjord, utløyste dette ei kartlegging av alt areal på Nordsetrene. Samstundes forlanga direktoratet for statens skoger at det vart halde førehandsskjøn etter fjellova. Skjønsretten konkluderte m.a. at «det er for lite beite til dei dyra som går der nå», og at det var behov for å kultivere beiteareal.

I sak 55/82 tilrådde fjellstyret at beitelaget fekk utvist nye 220 dekar av det kringliggande arealet. Av møteprotokoll frå jordstyret i Lom 9. august 1983 går det fram at dei tilrådde ei utvisning på om lag 300 dekar til beitelaget, herradsagronomen i Lom hadde bonitert området og funne om lag 365 dekar dyrkbar jord. Etter protestar frå to av seterbrukarane på Nordseter og i samsvar med vedtak i fylkeslandbruksstyret 22. september 1982 gav Gudbrandsdal skogforvaltning i 1984 tilsagn om om 50 dekar tilleggsareal inntil tidlegare utvist areal, slik at dette vart samanhengande.

Når det gjeld kartlegging og planlegging av områder for dyrkingsjord i statsallmenningene i Lom, vart det gjort eit større arbeid med det i tida 1979-1982 i samband med utarbeiding av «arealplan for statens eiendommer i Lom kommune». Dette resulterte i «Planar for dyrkingsjord i Vårdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenningar» som for Nordseterene sin del vart ferdig handsama i 1982.

Vurderinga av areala vart gjort av heradsagronomen i Lom. Arealat i området rundt fellesbeitet på Langmyra var kartlagd i samband med tidlegare saker, men tidlegare skjønsvurderingar og spørsmål kring fellesbeitet var nok avgjerande for at det ikkje vart parsellert ut meir tilleggsjord her. I staden vart det vist ut 7 parsellar i området Havyrju. Parsellane 157/1/81,83 og 84 nemnd i brevet frå Statskog var del av desse.

Statskog skriv i sitt brev om søknadane ved Langmyra at dei ikkje kjenner til at det ligg føre dyrkingsplan for området. Av utgreiinga ovanfor går det fram at arealet tidlegare var tiltenkt og planlagd som tilleggsjord. Årsaken til at det ikkje vart vist ut parsellar for forproduksjon var grunna usemjene knytt til behovet for meir beite og skjønsvurderingane kring dette. Det er nå 40 år sidan desse vurderingane vart gjort, tilhøva og driftforholda i landbruket har endra seg og færre brukerar driv med aktiv seterbruk. På -70 og -80 talet var det eit mål å auke arealgrunnlaga for dei mindre bruka. I dag legg landbrukspolitikken opp til færre og større bruk.

Statskog tek i sitt svar heller ikkje stilling til om det omsøkte arealet kan reknast som tillegg til eksisterande seter eller dyrkingsparsell. I § 19 i seterforskrifta er det sagt at utvisning skal skje etter planar, eller være knytt til eksisterande seter eller tilleggsjord. I merknadane presiserer landbruks- og matdepartementet at det skal være tillegg til eksisterande seter eller tilleggsjord. Begge søkerane har både seter og tilleggsjord på Nordsetrene. Begge søkerane er medlemmar av fellesbeitet og står som festerar av

Møtebok – Lom fjellstyre

arealet på Langmyra. Det omsøkte arealet ligg inntil dette, og har som det er gjort greie for i saka vore aktuelt for utvising tidlegare.

Omsøkt areal ved Havyrju

Det er ikkje lagd ved noko kartskisse over omsøkt areal, men det er vist til tidlegare utviste dyrkingsparsellar som ikkje er teke i bruk. Som nemnd tidlegare er det tre parsellar som har vore utvist, men ikkje teke i bruk. Kvar av parsellane er på om lag 50 dekar. Anna areal som kan være aktuelt for utvising ligg inntil både desse og tidlegare oppdyrka parsellar, og vil slik sett ikkje krevje ein ny plan.

Vidare saksgang

Om fjellstyret finn at utvisning kan være aktuelt, skal saka leggjast fram for kommunen, Statskog SF og allmenningstyret til fråsegn. Kommunen skal vurdere saka etter forskrift om nydyrking. Om kommunen avslår nydyrking er saka endeleg avgjort.

Om kommunen tilrår areal for nydyrking, tek fjellstyret saka opp att til behandling. Fjellstyret gjer si vurdering før det blir fatta vedtak. I denne vurderinga skal, i tillegg til kommunen si tilråding, dei fråsegner som er innhenta frå Statskog SF og allmenningstyret inngå. Om fjellstyret finn at utvisning er aktuelt, må innkomne søknader vurderast opp mot tilgjengeleg areal.

Svanhild Solheim Lyngved stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Fjellstyret tok spørsmålet opp til vurdering, og vurderte ho innhabil. Svanhild Solheim Lyngved gjekk frå ved behandling av saka. Hanne Synnøve Rusten kom inn som personleg varamedlem.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret meiner at utvising av parsellane i Havyrju og areal ved Langmyra som synt til i vedlagt kartskisse, kan gjerast utan at det blir utarbeidd nokon ny plan for området.

Saka blir lagt fram for kommunen, Statskog SF og allmenningstyret til fråsegn. Når uttale frå desse partane ligg føre, tek fjellstyret endeleg avgjerd i saka.

Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF, som e-post.
- Lom kommune, som e-post.
- Styret i Vårdalen allmenning.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	20/2020	Arkiv nr.:	363.1	Møtedato:	22.06.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Utviding av parkeringsplass ved Leirvassbu

Sakspapir:

- E-post sendt 20.5. frå Statskog SF. Søknad om utviding av parkeringsplass ved Leirvassbu.

Saksutgreiing:

Med e-post sendt 20. mai har Statskog SF bede om fjellstyret si uttale til søknad om utviding av parkeringsplassen ved Leirvassbu turisthytte. Kopi av søknad ligg vedlagt.

Leirvassbu turisthytte seier i søknaden at biltrafikken aukar og at parkeringsplassen er for liten. Når eksisterande parkeringsplass er full, vert bilane parkert etter vegen. I tilefeller er det parkerte bilar langt nedover forbi «bandet», og også ut i terrenget. Dei skriv at det tidvis kan være vanskeleg å kome fram og at det ut ifrå eit beredskapshensyn er dette lite ynskjeleg.

På vedlagt skisse har dei beskrive korleis dei ynskjer å utvide parkeringsplassen. Dei ser for seg at dei med minst mogleg inngrep nærast kan gruse opp arealet og markere ytterkantane med steinar som hindrar kjøring ut i terrenget. Noko av arealet (skravert felt) er tenkt som ei breidning av eksisterande parkeringsplass. Ein del er tenkt som utviding av vegbana mot Leirvatnet (markert NY) og ei lomme er tenkt på vestsida av vegen (markert NY).

Statskog SF ynskjer ei befaring på barmark før dei tek avgjerd i saka.

Opplysninger og merknader:

Fjellopsynet er kjent med parkeringsproblema, Leirvassbu er eit populært utgangspunkt for brukarar av allmenningen og parkeringsplassen blir tid om anna for liten.

Ei forsiktig utviding av parkeringsplassen sidevegs, og ei betre avgrensing av ytterkantane, vil kunne gjere at ein kan få plass til tre kolonner med parkerte bilar. Dette bør la seg gjere utan store inngrep.

Området langs austsida av bilvegen sør for parkeringsplassen blir mykje nytta til parkering. Det er lett å kome ut i terrenget, og etter langt tids bruk framstår det nærmast som opparbeida parkeringslommer. Som det er beskrive i søknaden kan ein med enkle inngrep utvida og gruse opp dette arealet til parkering. Enkelte plassar finn ein spor etter tidlegare inngrep og det er slik sett berre bra og få planert ut rydda opp dette området.

Området på andre sida av vegen ut mot Stehø framstår som meire urørt. Opparbeiding av ei parkeringslomme for parkering i vifteformasjon som synt til i søknaden vil i større grad påverka landskapet negativt.

Møtebok – Lom fjellstyre

Det er Statskog SF som tek avgjerd i saka, fjellstyret kjem med fråsegn jf. § 12 i fjellova. Før Statskog SF tek avgjerd vil dei ha synfaring.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at det blir gjeve løyve til å utvide parkeringsplassen ved Leirvassbu turisthytte. Utvidinga må gjerast mest mogleg skånsam slik at ein ikkje får unødig påverknad og endring av landskapet. Arealet på vestsida av vegen ut mot Stehø bør ikkje takast i bruk. Avgrensing må fastsettast etter synfaring med Statskog SF og fjellstyret.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at det blir gjeve løyve til å utvide parkeringsplassen ved Leirvassbu turisthytte. Utvidinga må gjerast mest mogleg skånsam slik at ein ikkje får unødig påverknad og endring av landskapet. Arealet på vestsida av vegen ut mot Stehø bør ikkje takast i bruk. Avgrensing må fastsettast etter synfaring med Statskog SF og fjellstyret.

Fjelloppsynet får fullmakt til å møte for fjellstyret på synfaring.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Leirvassbu turisthytte – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	21/2020	Arkiv nr.:	316.2	Møtedato:	22.06.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning Generelle reglar og retningslinjer for gjerde rundt fritidshytter, campingvogner, bilar m.m.

Sakspapir:

- E-post frå mattilsynet 18.02.20 – Forvaltningspraksis strømgjerder.
- Kopi av avtale mellom Statskog og Lesja fjellstyre – Regler for gjerder rundt fritidshytter i statsallmenningane i Lesja kommune.
- Kopi av avtale mellom Statskog og Dovre fjellstyre – Regler for gjerder rundt fritidshytter i statsallmenningane i Dovre kommune.
- E-post frå Vågå Fjellstyre. Diverse vedtak om gjerde på fritidsfester på statsallmenningane i Vågå.

Saksutgreiing:

Fjellstyret ynskjer med denne saka å vurdere tidlegare praksis knytt til gjerdespørsmål og å diskutere endringar som kan være aktuelle. Målet er å trekkje opp generelle retningslinjer for fjellstyret si handsaming av søknader om oppsetting av gjerde rundt fritidshytter, campingvogner og bilar, og at alle brukarinteressane i allmenningane får høve til å uttale seg før fjellstyret tek avgjerd.

Oppføring av mellombelse eller permanente gjerde rundt fritidshytter, campingvogner eller bilar i statsallmenningane er ikkje tillate, med mindre Statskog har gjeve særskilt løyve til dette. Dette gjeld så vel strømgjerde som andre typar gjerde. Ved behandling av søknader knytt til oppsetting av gjerde skal fjellstyret gje fråsegn før Statskog tek avgjerd.

Dei siste åra har fjellstyret behandla fleire søknader knytt til oppsetting av gjerde for fritidsformål. Det har vore ført ein streng praksis når det gjeld søknader om inngjerding, og med få unntak har fjellstyret fråråda løyve til dette. Tidlegare har det vore ein del ulovleg oppsette strømgjerde rundt fritidshytter, campingvogner og bilar rundt om i allmenningane, men dette har Statskog i samråd med fjellstyret og fjelloppsynet skjerpa inn og teke meire fatt i dei siste åra.

Med bakgrunn i at fjellstyret ser ei auka mengd av søknader knytt til gjerding, og at det er ei innskjerpa håndheving av ulovleg oppsette gjerder, er det ynskjeleg å ta ein generell gjennomgang av handsaminga av gjerdesaker knytt til fritidsformål i allmenningen.

Opplysningar og merknader:

Som synt til i saksutgreiinga har fjellstyret fram til nå vore restriktive, og med få unntak frå råda løyve til oppsetting av gjerde knytt til fritidsformål. Retningslinjer som endrar denne praksisen bør varslast og leggjast ut til offentleg ettersyn slik at alle partar får høve til å uttale seg.

Lovgrunnlaget

Møtebok – Lom fjellstyre

Å sette opp eit gjerde på statsallmenning er eit grunndisponeringstiltak å krev løyve frå Statskog etter §12 i fjellova og «*kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern.*» Før Statskog tek avgjerd «*skal fjellstyret og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.*»

Kommuneplanens arealdel og reguleringsplaner kan ha føresegner om gjerder. I Lom er det ikkje sett føresegnar om gjerde i kommuneplanens arealdel. Etter ein gjennomgang av planane på allmenningsgrunn synes det som at det berre er kommunedelplanen for Nordsetrene som gjev føresegner om gjerder. Der er det for campingområdet ved Ilva sagt at: «*Det er ikkje tillate med andre former for faste installasjonar, ”spikertelt”, inngjerding eller liknande i tilknytning til bruken av området for camping.*»

Når det gjeld sjølve gjerda kan statskog som grunneigar sette krav til utforming, materialbruk m.m. Vidare seier dyrevelferdslova §15 at gjerder skal «*utføres eller oppføres og holdes ved like slik at dyr ikke utsettes for fare for unødige påkjenninger og belastninger. Det skal ikke brukes piggtråd i gjerde for å regulere dyrs ferdsel. Den som er ansvarlig for bygningen, gjerdet og innretningen, skal føre nødvendig tilsyn med disse og gjennomføre nødvendige tiltak for å kunne oppdage, forebygge og avhjelpe fare for unødige påkjenninger og belastninger.*»

Når det gjeld strømgjerder har mattilsynet gjeve fylgjande uttale om sin forvaltningspraksis i e-post 18.02.2020:

«Vi er kjent med at elektriske nettinggjerder med tynne glassfiberstolper har blitt brukt for å holde småfe unna hytter og campingvogner, og at dyr har satt seg fast eller surret seg inn i gjerdene slik at de har dødd eller blitt påført lidelser. En eller to elektriske tråder med slike tynne glassfiber/plaststolper har også blitt brukt. Begge disse gjerdetypene gir lite fysisk motstand, slik at dyr lett kan sette seg fast i dem dersom de ikke er tilkoblet strøm som gjør at dyrene straks trekker seg tilbake ved kontakt med dem. Erfaringsmessig kan strømtilførselen til elektriske gjerder være noe ustabil, særlig om de står mot utmark, og er oppsatt av personer med lite erfaring med elektriske gjerder.

Med bakgrunn i Dyrevelferdsloven §15 har Mattilsynets vurdering av slike gjerder vært at de alltid må ha strøm tilkoblet, og at det må være daglig tilsyn med dem. Bare da vil slike gjerder være oppført og ført nødvendig tilsyn med slik at dyr ikke er utsatt for unødig fare for unødige påkjenninger og belastninger. Hvis en hytteeier bare fører tilsyn med gjerdene og eiendommen hver eller annenhver helg, vurderer vi at de må de velge andre gjerdeløsninger uten bruk av strøm, som f.eks skigard, eller gjerder med solid og egnet gjerdenetting og solide gjerdestolper.»

Praksis i tilliggande statsallmenninger

I Vågå, Lesja og Dovre fjellstyre er det inngått avtale med Statskog der dei i felleskap etter søknad kan gje tillatelse til inngjerding av x antal løpemeter. I Vågå blir det gjeve løyve til inntil 20 løpemeter, der gjerdet skal vera festa i hytteveggen. Dovre og Lesja har noko meir, 50 løpemeter. I tillegg blir det sett krav til gjerde av treverk, reglar om høgde og ljøsopning. Gjerda skal ikkje stenge av råk eller stigar som blir brukt av folk eller dyr. Felles for avtalane er at hensikta er å opne for ei avgrensa inngjerding av inngangsparti og/eller platting/veranda.

Møtebok – Lom fjellstyre

Når det gjeld mellombels inngjerding av campingvogner og bilar blir det ikkje gjeve løyve til dette hjå andre. Det er generelt ei restriktiv haldning til bruk av strømgjerder.

Vurdering

Eit gjerde kan ha både positiv og negativ påverknad for ulike partar. Negative konsekvensar for beitebruk, fri ferdsel, estetikk og dyrevelferd er moment som må tillegast vekt. Samstundes kan eit gjerde på rett plass virke konfliktdempande og betre tilhøva for alle partar.

Fritidshytter

Alle fritidshyttene i allmenningane ligg i område som blir brukt til utmarksbeite og søknader knytt til gjerding har nesten utan unntak vore grunna med ulemper knytt til beitedyr. Fjellstyret har ikkje tillagt dette vekt utan heilt særskilte tilfeller der både beitebrukarar og hytteeigarar har ynskt gjerde. Generelt verkar det å være lite konflikthar mellom beitebrukarar og hytteeigarar.

Fritidshyttene på statsallmenningane i Lom er med få unntak sett opp etter kontrakt om punkt feste der eigarane har ein begrensa disposisjonsrett over tomtearealet. Av omsyn til allmenningsbegrepet bør det prinsipielt være strenge reglar mot inngjerding av fritidshytter på statsallmenning. Dette er fyrst og fremst av omsyn til beiteretten, men og den frie ferdselen, dyrevelferd og estetiske omsyn vil kunne bli påverka negativt. Ei enkeltstående sak/gjerde kan i seg sjølv gje liten påverknad, men ein må vurdere den samla påverknaden ein endra praksis kan gje. Jordvern blir ofte brukt om dyrka jord, men same tankegangen bør vurderast for viktige beiteområder.

Likevel er det kanskje urimeleg at ein ikkje kan gjerde frå eit avgrensa areal inne på eit hyttetun. Dersom ein tar Vågå sitt eksempel med 20 løpemeter, tilsvarar dette 50m² pr. hyttefeste. Dette utgjer ein forsvinnande liten del av det totale beitearealet, og er ofte areal som uansett ikkje har verdi for beitedyr. Eit slik størrelsesomfang vil heller ikkje kunne påverke ferdsel eller bli så visuelt dominerande som inngjerding av ei heil tomt. Med krav om lik utforming, bruk av tre m.m. kan ein minimere negative konsekvensar knytt til estetikk og dyrevelferd.

Midlertidige gjerder rundt campingvogner og bilar

I nokre tilfeller blir det utan løyve set opp midlertidige strømgjerde rundt parkerte bilar og campingvogner. Dette har oppsynet forsøkt å ta tak i fortløpande, men ein ser likevel at det blir gjort. Som synt til tidlegare er mattilsynet skeptiske til slik bruk av strømgjerder og syner til eksempel der det ikkje har gått så bra. I Lom har vi hatt fleire tilfeller der beitedyr har satt seg fast i strømgjerde, vorte påført store lidingar og døydd.

Strømgjerde og andre midlertidige gjerde treng løyve frå grunneigar på same måte som permanente gjerder. Ved eit eventuelt løyve må krav til dagleg ettersyn, strøm og utforming presiserast. Med dei ulempene ein ser med strømgjerde knytt til dyrevelferd og estetikk, kan det være vanskeleg å tilrå løyve til dette. I tilfeller kan ein sjå at

Møtebok – Lom fjellstyre

beitedyr påføre parkerte campingvagnar og bilar skader, men dette er vanlegvis ikkje eit stort problem.

Der det er heilt spesielle tilhøve som gjer det naudsynt med tiltak bør ein kanskje heller tilrå løysingar med med til dømes permanent inngjerding av parkeringsplassar.

Plassar tilrettelagd for camping

Fjellstyret har 3 plassar som er tilrettelagd for camping. Ein ved gammel Ilva ved Nåvårstrene, ein ved Vassenden på Tesse og ein ved Prestsetrane ovanfor Dalsvatnet. Alle tre ligg i beiteområder. På dei to plassane ved Tesse har det aldri våre spørsmål om og heller aldri vore oppsett gjerder. På Dalsvatnet var ei tid brukt strømgjerder rundt vognane, men oppsynet har dei siste åra stramma inn denne praksisen. Ein søknad om løyve til bruk av strømgjerde eller permanent inngjerding av heile plassen vart fråråda i sak 35/2019.

Historikken rundt desse plassane starta i 1986 etter innspel frå setereigarane på Prestsetrane om at det burde førast opp ein utedo på bandet. Stadig fleire tilreisande til området gjorde at dei meinte dette var nødvendig. I samband med denne oppmodinga bestemte fjellstyret at det skulle settast opp utedoar på bandet ved Prestsetrane, på Vassenden ved Tesse og ved Gamelilva ved Nåvårstrene. Over tid har bruken auka og det har vore akseptert at områda i tilknytning til utedoane har vorte nytta til langtidsparkering av campingvagnar/langtids camping. Fjellstyret og Statskog har hatt ein uformell overeinskomst om grunneigars løyve til telting/rasting utover dei to døgn som er heimla i friluftsløva §9. For utedoane ved bandet på Prestsetrane og ved Gammelilva ved Tesse er det ikkje gjort noko formell behandling om bruken av områda av korkje fjellstyret, Statskog eller kommunen. Plassen ved Vassenden ved Tesse er som synt til tidlegare omfatta av kommunedelplan for Nordsetrane med begrensingar for gjerde m.m..

Erfaringar frå gjerdebruken på Prestsetrane syner at det blir lagt beslag på eit mykje større areal pr. brukar/vogn ved å tillate inngjerding. Fortelt, utemøblar, plass til bil m.m. er ofte noko som er med i «tomtearealet». Dette står som regel oppe gjennom heile sesongen. Eit større areal blir beslaglagd, det kan være visuelt skjemma, og langvarig bruk av strømgjerde kjem fort i strid med dyrevelferdslova og krav til ettersyn, strøm m.m.

Eit alternativ kan være å gjerde inn plassane med permanente gjerder. Om fjellstyret skal stå for dette må ressursbruk knytt til kostnad og administrasjon av ein campingplass vurderast nøye. Hensyn til bruksrettane, andre brukarar og eksisterande næringsliv må tilleggas vekt. Meir tilrettelegging vil heilt sikkert medføre auka bruk. Ein vil få auka terrengslitasje, meir arbeid med ettersyn, tøming av do, renovasjon og vedlikehald. Auka trafikk og bruk kan gje større påverknad på tiliggande setrar og beitebruk. Plassane kan oppfattast som konkurrentar til eksisterande næringsliv. Det kan bli behov for større areal eller krevje ei meir omfattande regulering av bruken. Eit slik tiltak vil fort bli av ein størrelse som kan krevje festeavtale, løyve frå kommunen m.m. Samla kjem ein inn på vurderingar som er såpass omfattande at dei i tilfelle bør behandlast i eiga sak

Møtebok – Lom fjellstyre

Vidare saksgang:

Denne saka er for fjellstyret ei uttalesak, der Statskog SF tek avgjerd. Forslaget vert oversendt Statskog SF til uttale og så varsla og lagt ut på heimesida til offentleg gjennomsyn, med ein frist for å kome med merknader. Når fristen for uttale er ute behandlar fjellstyret saka på nytt og legg det endelege framlegget ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader før det blir oversendt Statskog SF for endeleg avgjerd.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret meiner at det generelt bør være strenge reglar for gjerde knytt til fritidsformål på statsallmenningane i Lom. Bruksrettsinteressene, beitebruk, dyrevelferd, estetiske omsyn og allmennheitas rett til ferdsel- og utøving av friluftsliv veg tungt.

Fjellstyret vil legge følgjande forslag til «*generelle reglar og retningslinjer for gjerde rundt fritidshytter, campingvogner, bilar m.m. i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning*» ut til offentleg gjennomsyn, med frist til 1. august 2020 med å kome med merknader før fjellstyret fremjar framlegg til Statskog SF for endeleg avgjerd:

- Gjerder rundt fritidshytter:

Fjellstyret foreslår at det blir oppretta slik avtale med Statskog SF med reglar for gjerding rundt fritidshytter i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning:

Etter søknad som Statskog og fjellstyret avgjer i felleskap kan fritidsfester i Vårdalen, Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning få løyve på følgjande vilkår:

- 1. Det kan gjerdast inn til 20 løpemeter gjerde. Gjerdet må være forankra i hytteveggen.*
- 2. Det skal brukast treverk. Maksimal ljøsopning på stakitt eller skigard er 7cm. Gjerde kan være inn til 110cm høgt.*
- 3. Søknad skal innehalde målsett skisse som viser bygningar, planlagd gjerde og begrunne behovet for tiltaket.*
- 4. Det skal sikrast fri ferdsel for dyr og folk etter eksisterande stigar og råk*
- 5. Oppsetting av gjerder i verneområder krev godkjenning frå vernemyndigheitane.*

- Midlertidige gjerder rundt bilar, campingvognar m.m.

Fjellstyret tilrår at det blir oppretta slik avtale med Statskog SF med reglar for oppsetting av mellombelse gjerder for inngjerding av parkerte bilar og campingvognar i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning:.

Møtebok – Lom fjellstyre

- 1. Om det er nødvendig for å unngå skader frå beitedyr på bil eller campingvogn, kan det på visse vilkår settast opp eit mellombels strømgjerde.*
- 2. Gjerdet skal være strømførande og eigar/brukar må føre dagleg tilsyn jf. lov om dyrevelferd og uttalelsar frå mattilsynet.*
- 3. Det skal ikkje gjerdast inne meir enn det som er nødvendig for å beskytte bil og/eller campingvogn mot beitedyr.*
- 4. Gjerdet må takast ned om eigar/brukar forlet området. Det er ikkje tillate å ha ståande gjerde rundt campingvognar som er sett ifrå seg når eigaren ikkje har tilhald der.*

Etter at fristen for å kome med uttale er ute, vert saka behandla på nytt og lagt ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket.

Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF, som e-post.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	22/2020	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	22.06.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om oppføring av uthus på seter.

Sakspapir:

- Søknad frå Sigurd Synstnes dagsett 21. juni 2020 om oppføring av uthus på seter.

Saksutgreiing:

Med søknad dagsett 21. juni 2020 har Sigurd Synstnes søkt om å få føre opp eit uthus på setra si, med festenr 155-1-246, på Ytterdalen i Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

I søknaden skriv han at dei av praktiske årsaker ynskjer å byggje eit uthus som vil bli nytta til vaskerom, do og lager. Bygget vil bli oppført på støypt ringmur, bygd i treverk og beisa i ei mørk farge. På taket vil dei legge torv. Plasseringa er synt på vedlagt kartskisse, og tenkt bak fjøset der det frå før står ein utedo. Utedoen vil dei etter kvart fjerne.

Det er sendt med teikningar som syner at uthuset er planlagd med ei grunnflate på 5m².

Opplysninger og merknader:

Etter § 10 i seterforskrifta er det fjellstyret som avgjer om seterbrukaren kan setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om eit nybygg blir vurdert til å kunne påverke eksisterande kulturmiljø, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak.

Søkjaren opplyser i telefonsamtale 22. juni at setra blir mykje brukt til overnatting i samband med tilsyn av beitedyr og at dei difor treng noko betre plass. Dei har både storfe og småfe på beite i området rundt setra, i tillegg blir seterkvea delar av året nytta til beite.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 10 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning stiller fjellstyret seg positive til, og gjev på visse vilkår, løyve til den planlagde oppføringa av nytt uthus, slikt det er søk om.

Tiltaket er av lite omfang og fjellstyret kan ikkje sjå at det vil ha innverknad på kulturmiljøet. Fjellstyret set som vilkår at eksisterande utedo blir fjerna når nytt uthus er på plass.

Det er ein føresetnad for løyvet at Statskog ikkje har innvendingar til vedtaket. I så fall må dei gjera dette kjent innan ein frist på tre veker etter at dei er gjort kjente med vedtaket. Det må innhentas løyve frå lokale bygningsmyndigheiter.

Møtebok – Lom fjellstyre

Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Sigurd Synstnes – som e-post